

**Oppsummering av framtidsverkstad for unge**

***Områdeplan Midtmarka og Rotemyrane, Meland kommune***

**13.11 2015**

<b>1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
1.1	FORMÅL .....	4
1.2	DELTAKARAR .....	4
<b>2</b>	<b>OPPLEGG OG DISKUSJON.....</b>	<b>6</b>
2.1	GJENNOMFØRING.....	6
2.2	OPPGAVE 1 .....	6
2.3	OPPGÄVE 2 .....	11
<b>3</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING.....</b>	<b>15</b>
3.1	INFORMASJON I DEN VIDARE PLANPROSESSEN .....	15



# 1 Innleiing

## 1.1 Formål

Den 29.10.15 vart det arrangert framtidsverkstad for unge i Flatøy, som del av ein større prosess for medverknad knytt til områdeplan for Midtmarka og Rotemyra. Slik aktiv deltaking for ulike grupper er nedfelt i ein eigen plan for medverknad, knytt til planarbeidet.

## 1.2 Deltakarar

Tilstades på verkstaden denne kvelden var ungdomsrådet i Meland kommune, der vararepresentantane og stilte. I tillegg var enkelte elevar frå vidaregåande skule med, slik at det totalt var 15 deltakarar i gruppene.

Følgjande var òg representert:

Øyvind Helland Oddekalv, ordførar Meland kommune

Eirik Utne, kulturavd., Meland kommune

Kristin Nåmdal, samfunnsplanleggar

Vigdis Lode, planleggar, Opus Bergen AS



Figur 1 Ordførar og ungdommar rundt den fysiske modellen av planområdet.



## 2 Opplegg og diskusjon

### 2.1 Gjennomføring

Verkstaden vart innleia av med ein kort presentasjon av planområdet og kvar vi er i prosessen. Ny ordførar i Meland kommune, Øyvind H. Oddekalv ønskte velkommen, før deltakarane gjekk i tre grupper, utstyrt med store kart og flyfoto over planområdet og regionen, post-it lappar og skrivesaker.

Resultata av gruppediskusjonane vart presentert i plenum.

### 2.2 Oppgave 1



Oppgåve 1 var felles for alle gruppene, og var ei diskusjonsoppgåve knytt til følgjande tema:


Kva er viktig og verdfullt i nærmiljøet ditt?	I dag	I framtida/ år 2030
<b>Bustader, uterom, nærmiljø:</b> Møtestader, venner	Kvar bur du? Kvar går du på skule?	Ønsker du å bu å Flatøy/ Knarvik/ Frekhaug i framtida? Kvifor/ kvifor ikkje? Korleis bør staden vere og kva bør den innehalde for at du vil etablere deg her?
<b>Næringsliv, arbeidsplassar, tenester:</b> butikkar, handel, kontor, stader å arbeide, skule osb		Kvar vil du bu og arbeide? Kvifor?
<b>Veg og transport:</b> Buss, sykkel, gange osb	Korleis kjem du deg til daglege gjeremål?	Korleis kjem du deg til daglege gjeremål?
<b>Natur, friluftsliv, idrett, kultur, sjø og strandsone</b>	Kva gjer du på fritida og kvar?	

## Resultata frå oppgåve 1

Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3
<b>Transport</b>		
Betre busstilbod  Bybane til Bergen  Ladestasjon for el-bil på Flatøy. Då kan køyrande frå Knarvik – Bergen lade bilen her.  Gang- og sykkelsti: Må vere lett for mjuke trafikantar å bevege seg. Grønn by må ha fokus på sykkel.	Betre kollektivtilbod for å ta omsyn til klima og redusere biltransport.  Forlenge bybanen til Flatøy. Det er ikkje så langt å gå frå Flatøy til Frekhaug.  Betre sykkelsti Knarvik – Frekhaug.	Eige mopedfelt på E39 viss det blir 80-sone, eventuelt lavare fart for å unngå kø.  Bussar internt mellom dei nye husa, og bussterminal med park-and-ride løysing.  Gang-/ sykkelveg.  E39 deler området. Kva med ein miljøtunnell der ein nyttar eksisterande terreg og grev motorvegen ned, og legg lokk for mjuke trafikantar over.
<b>Fritid</b>		
Parkar med lov til å ha lause hundar.  Strand tilknytta hotell for å tiltrekke seg turisme.  Idrett: Svømmehall. Ishall, da det er langt til Vestkanten, og for å gje staden sær preg og tiltrekke seg folk utanfrå.  Fiske og natur: Behalde Håøya til friluftsliv. Hav: Kano, dykking, fritidsfiske. Brygge for små og større båtar, fiske.	Ungdom saknar møtestader. Det som fins er nedslite og lite attraktivt.  Volleyballbanen på Frekhaug brukast i dag, men er ikkje nokon stad henge. Det er ingen plass å vere i heile Meland.  Park med benkar, lekeplass, idrettsbanar.  Aktivitetshus. Skatepark og trampolinepark slik som på FySak på Slettebakken i Bergen.  Flatøy er ingen plass å stanse i dag. Me må ha noko som trekker folk, ein attraksjon innan idrett og aktivitet.  Badeplasser. Lage til strand med ekte sand for dei som bur og skal bu i området. Det er ikkje så mange fine stader å bade i dag.	Vassaktivitetar, avmerka på kart.  Båtkai  Møtehus/ samfunnshus med scene, sal og kjøkken for utleie, td. til band.

	«Flatøy – krysset der me møtes», i staden for der me kører forbi.	
<b>Skule og tenester</b>		
<p>Det blir nok behov for to barneskular og ein vidaregåande skule.</p> <p>Sjukehus (akuttmottak) samt helsehus. Dette må vere lett tilgjengeleg og nært der ein bur.</p> <p>Stort handlesenter – outlet for merkekledde. Ein attraksjon som kan tiltrekke seg folk utanfrå.</p> <p>Kafear og restaurantar, samt matbutikk lagt nært outlet for å bygge opp under denne.</p> <p>Fritidsklubb som er open for alle uavhengig av livssyn.</p>	<p>Ny barne- og ungdomsskule blir naudsynt med så mange folk som skal komme her.</p>	<p>Skule Barnehage Butikkar, senter, hobbybutikk for radiostyrte kjøretøy Idrettsanlegg, symjebasseng, treningscenter Bibliotek</p>






### 2.3 Oppgåve 2

I oppgåve to fekk dei tre gruppene kvart sitt diskusjonstema, høvesvis: *Sosialt, regionalt og berekraftig*, saman med nokre stikkord. Temaa byggjer på utviklingsmåla frå planprogrammet, og var tema i workshop for arkitektar og planleggjarar i oktober 2015.

**Sosialt:** Møtestader, uterom. Kvifor vil eg bu på Flatøy i framtida/ flytta tilbake/ kvifor vil folk utanfrå flytta hit? Kva må til for at staden skal fungere, og at menneska vil trivast her?



Figur 2 Resultat frå gruppediskusjon med tema sosialt.

**Regionalt:** Kva er henholdsvis Frekhaug, Knarvik og Flatøy best på i dag.




Figur 3 Illustrasjon fra regionalgruppa.



Figur 4 Resultat fra gruppediskusjonen om det regionale.

**Bærekraftig:** Klima, energi, miljø, redusera transportbehov.



Figur 5 Resultata frå bærekraftiggruppa.





## **3 Vidare oppfølging**

### ***3.1 Informasjon i den vidare planprosessen***

Det vart avtalt at områdeplan for Midtmarka og Rotemyrane blir tema i møtene i ungdomsrådet framover. Her vil ungdomsrådet bli oppdatert på kva som skjer i den pågående planprosessen, og på kva måte deira innspel vert inkludert i arbeidet.